
Saksnr: 2020/49137-5
Saksbehandlar Matti Torgersen
Dato: 21.09.2020

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Revidert Bømlopakke og Kvinnheradpakke - Status

I møte i Hovudutval for samferdsel og mobilitet 3. juni 2020 vart det gitt ei orientering om status for bompengepakkar som er vedteke i fylkestinget, men enno ikkje oversendt Samferdselsdepartementet (RS-sak 42/2020). Sjå [LENKJE](#).

Grunnlaget for revidert Bømlopakke og Kvinnheradpakken inklusiv framlegg til tekst til stortingsproposisjon vart sende samla 12. juni 2020 til Vegdirektoratet for kvalitetssikring før saka vert sendt til Samferdselsdepartementet.

Kvalitetssikring for revidert Bømlopakke vart sendt til Vestland fylkeskommune 2. september 2020. Vegdirektoratet hadde inga innvendingar til føresetnadene som Vestland fylkeskommune har lagt til grunn, men det vart nokre mindre korreksjonar til utkastet til stortingsproposisjon. Dette er korrigert, og utkast til bompengeproposisjon vart sendt til Samferdselsdepartementet 18 september.

I skrivande stund har fylkesrådmannen ikkje motteke kvalitetssikring av Kvinnheradpakka frå Vegdirektoratet.

Etter rettleiaren for bompengeprojekt skal det ta 3-5 månader frå Samferdselsdepartementet mottek grunnlaget til vedtak i Stortinget.